

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Aud Jorunn Haugen Hakestad  
Arkivsaksnr.: 16/2489 - 8

Arkiv: C60

### Planlagt behandling:

Hovudutval for lokal utvikling

## MEIROPE BIBLIOTEK

### **Bakgrunn for saka:**

Hovudutval for lokal utvikling vedtok den 31. mai 2016, sak 42/16, innføring av meirope bibliotek og bad i saka om at det blei lagt fram ei ny sak om dagar og opningstider.

Med meirope bibliotek er biblioteket ope for sjølvbetening utover ordinær opningstid; tidleg om morgonane, om kvelden, og i helger og ved høgtider. Innbyggjarane i Klepp har høve til å bruka biblioteket på eiga hand, både før og etter betent (ordinær) opningstid.

Med meirope bibliotek utvidar Klepp bibliotek opningstidene frå 48,5 timar per veke til 112 timar per veke.

Opningstidene er no:

mån – tors	kl. 08.30 – 18.00
fre	kl. 08.30 – 15.00
lør	kl. 10.00 – 14.00

Opningstider ved meirope bibliotek:

mån – søn	kl. 07.00 – 23.00
-----------	-------------------

Når biblioteket er ope 16 timar i døgnet, treng ikkje brukarane skunda seg etter jobb/skule eller før/etter fritidsaktivitetar for å nå biblioteket. Bøker m.m. kan leverast og lånast før arbeid/skule og på kveldstid kan biblioteket nyttast til studiar, gruppearbeid eller ein møteplass for innbyggjarane. Lag, foreiningar og andre grupper kan ha samlingar/småmøter i biblioteket utan å måtte bestilla rom på førehand.

Aldersgrense for bruk av meirope bibliotek foreslår ein til 15 år. 15-åringar har rett til å velja foreiningar og trussamfunn, rett til å velja kva utdanning dei vil ta, og med det rett til å velja kva dei vil lesa. Dei er òg over kriminell lågaldar. (Kjelde: [www.barneombudet.no](http://www.barneombudet.no)) Det er for få brukarar i denne aldersgruppa i dag, og biblioteket ønskjer å utvida tilbodet til dei. I tillegg når me ut til alle 10-klassingar i kommunen med informasjon og rettleiing. Den som vil bruka biblioteket i meiropen tid, skal signera kontrakt ved personleg oppmøte (sjå vedlegg). Dersom brukaren er mellom 15-18 år skal kontrakten signerast ved personleg oppmøte av både brukar og føresett.

Grundig opplæring vil bli gitt før brukar skriv under kontrakt. Utvalde brukarar blir frivillige superbrukarar og får utvida opplæring. Dei tar kontakt med bibliotekpersonalet i betent tid med spørsmål og forslag til forbetringar.

Bibliotekkortet og personleg kode nyttast for å få tilgang til biblioteket. Det blir plassert skannar ved ytterdør (bibliotekinngangen ved parkeringsplassen) og ved inngangen til biblioteket. Videokameraer overvaker inngangsområdet, foajéen og sjølve bibliotekslokalet. Rådhuset sin hovudinngang (mot Solavegen) vil vera stengd for publikum før ordinær opningstid om morgonen og etter ordinær opningstid om ettermiddagen. Kjellaretasjen er stengd i meiropen tid og tilkomst 2. etasje blir stengd med band på desse tidspunkta. Brukarane får melding over høgtalar ved overgang frå betent tid/meiropen tid og når tida for stenging nærmar seg.

**Vidare saksgang:**

Oppstart av meirope i månedsskiftet november/desember. Dato for opning blir kunngjort.

**Vurdering:**

Sjå vedlagde ROS-analyse

**Risiko- og sårbarhetsvurdering:**

Ja, sjå vedlegg.

**Vedlegg:**

- ROS-analyse
- Kontrakt for tilgang til meirope bibliotek

**Innstilling:**

Rådmannen sitt forlag til vedtak:

1. Klepp bibliotek blir meirope frå kl. 7 til 23 alle dagar frå månedsskiftet november/desember 2017.
2. Biblioteksjefen vurderer eventuelt stenging av meirope ved mange etterfølgande heilagdagar (Jul, Påske).
3. Kontrakt blir underskriven ved personleg frammøte i biblioteket. For personar mellom 15 – 18 år må både vedkomande og føresette skriva under.

Rådmannen i Klepp 11.10.2017

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*